

klimakrise, naturmangfaldskrise og vindkraft

Verda har både ei klimakrise og ei naturmangfaldskrise som er dokumentert i ein FN-rapport frå mai 2019. Ein million artar står i fare for å verte utrydda. Vestland SV meiner difor at ein ikkje kan løyse klimakrisa med å rasere urørt og sårbar natur slik planane for ei storstila vindkraftutbygging legg opp til. Dei negative verknadene og miljøkonsekvensane av vindindustrien har vorte klart påvist i den siste tida med negative verknader for både samfunnet og dyre- og plantelivet.

Vestland SV vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv. Vestland SV krev av gjevne konsesjonar vert handsama på nytt. Vidare utbygging av vindkraft bør så langt som råd skje til havs. Vestland SV meiner at fleire vindkraftkonsesjonar må trekkast attende fordi det har gått lang tid sidan dei vart gjevne, planane er endra, og det har ikkje vorte gjort gode nok undersøkingar før konsesjonen vart gjeven. Energilova opnar for at konsesjonar kan gjerast om, både utifrå «allmenne interesser» og når konsesjon er gjeve på grunnlag av «ufullstendig opplysningar om forhold av vesentlig betydning». I Vestland gjeld det mellom anna Stadlandet i Stad, Bremangerlandet i Bremanger, Dalsbotnfjellet i Gulen og Lutelandet i Fjaler.

Både frå vindindustrien, næringslivstoppar og stortingsfleirtalet vert det hevda at vi må bygge ut vindkraft for å hindre klimaendringane, gjennom elektrifisering og eksport av kraft som erstatte fossile kjelder. Tala for behov for kraft varierer med kven som legg dei fram og er sjølv sagt avhengig av kva for tiltak og utbyggingar ein går inn for. Vestland SV krev at det vert lagt fram ei oppdatert melding for Stortinget om behovet for energi og særleg for elektrisk energi. Det er behov for eit mykje betre grunnlag for vurdering av framtidig energi-behov før avgjerder om utbyggingar som vil ha store miljøkonsekvensar.

For å få overgang til meir bruk av fornybar energi må vi stimulere til meir effektiv energibruk. Vi må få meir ut av allereie utbygd vasskraft gjennom utbetring og oppgradering av eksisterande linjenettverk, ny teknologi, og vi må bygge ut solenergi. Vestland SV mener at skatte- og avgifts politikken må tilrettelegges slik at en skaper insentiver for å modernisere og oppgradere eksisterende vannkraftverk.

For å får reduserte klimagassutslepp må vi over frå å sjå berre på sluttusleppa til å sjå på utslepp gjennom heile produksjonsprosessen og bruken, såkalla livsløpsvurderingar. Det hjelper lite med elektrifisering av transport, om det vert mykje større behov for utbygging av vegar, parkeringsplassar og anna. Noko som medverkar til både store klimautslepp og tap av biologisk mangfald.

Vestland SV meiner det er viktig at vi ikkje berre ser på korleis vi skal skaffe meir energi. I Norge må vi ta til å sjå på korleis vi kan redusere den totale bruken av energi og andre naturressursar. Forbruket vårt er ikkje berekraftig, og må ned.

Vedteke årsmøte Vestland SV 9. februar 2020